

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 18. søndag i treeiningstida – 26. september 2021

Preiketekst: Matteus 8, 5-13

Lesetekst I: 1. Kong. 8, 41-43

Lesetekst II: Rom. 15, 23-33

## Stor glede i Kapernaum

Det er ei verkeleg flott fortelling som er preiketekst denne sundagen; eit par veker etter valet her i Noreg, og på det som er attande søndag i treeiningstida, og tenk – berre to månadar att til nytt kyrkjeår! Og tar me med oss også lesetekstane – noko me alltid skal gjera, i alle fall slik at ein les dei i møte og gudsteneste, og gjerne også at dei kling med i preika – så får me eit endå rikare bilete av Jesu godleik og omsorg for både jødar og heidningar. Han vil ha oss alle i si famn. Hans godleik er utan ende. Ja, Han kan vera skarp og refsande. Men det er avdi Han vil oss vel. Så lat Han sleppa til, i ditt liv og mitt liv, i kyrkjelydar og forsamlingar, denne hausten og vinteren!

### *Flotte ideal*

Litt om lesetekstane først. Frå 1 Kongebok les me om framande som kan koma til Guds hus og be. Salomo ber ved innviinga av dette praktbygget at Gud Herren må ta imot dei og, slik Han alt har gjort med sitt eige utvalde folk. Salomo har omsorg for folkeslaga, eller heidningane, eg og du, og er oppteken av at me alle skal kunne prisa Herrens store namn. Ein fin tanke!

I Romarbrevet les om om gáva til dei fattige i Jerusalem. Dei fattige var jødar. Men gáva kom frå heidenske kyrkjelydar i Akaia og Makedonia. Desse heidningane hadde fått del i jødane sine mange og store åndelege gåver. Og no ville dei gje noko attende, når dei skjøna at deira åndelege søsken var i naud. Du verda for flotte ideal! Og kor aktuelt også for oss som er av heidningeætt og som har fått del i jødane sine mange åndelege gåver!

### *Møtet med den spedalske*

I Matteus åtte er det slik at Jesus nettopp har halde Bergpreika. På veg ned frå berget kjem ein alvorleg sjuk, ein spedalsk, i møte med han og tiggjar om hjelp. Og Jesus seier dette sterke og enkle: Eg vil. Bli rein! Og rein blei han. Me merker oss ved dette høvet noko som både er til ettertanke, og litt smilande merkeleg. -Gå til prestane og vis deg fram. Ber fram offeret slik Lova seier det. Det skal vera eit vitnemål for prestane. Var det verkeleg slik at både prestar og andre leiarar ikkje skjøna kven Jesus var og kva makt og mynde han hadde? Skulle denne nylækte mennene vera ein leksjon for dei? Så er det dette merkeleg at Jesus elles seier til han at han ikkje skal seia til nokon kva som skjedde med han. Men altså samstundes var det

mykje folk som stimla saman rundt Jesus. Om mannen tidde, ville jo ryktene likevel gå som eld i turt gras!

Nokre gonger seier Jesus tydeleg at den som vert lækt, ikkje skal fortelja kva som skjedde. Andre gonger ser det ikkje ut til å vera så viktig. Ja, somme gonger vert ein endåtil tilskunda til å fortelja vidare det store som har skjedd! Offiseren som me møter i preiketeksten, fekk inga slik formanig om å halda for seg sjølv det underet som skjedde med tenesteguten. Det er naturleg å tenkja at dette vart både fort og godt gjort kjent i Galilea, der det skjedde!

### *Audmjuk haldning*

Det er fascinerande å møta denne romerske offiseren. Han må jo i alle fall ha høyrte om Jesus. Kanskje han også hadde møtt han, og hadde ei slags forestilling om kva makt han hadde, og at han hadde godhug for sjuke og svake, og gjerne ville hjelpa. I alle fall tek han direkte kontakt, og legg fram nauda si. Offiseren er eit ideal for oss. Sånn kan me og gjera, når det er noko som vondt og vanskeleg i livet. Også offiseren si audmjuke haldning er eit ideal. Han har tydeleg respekt for Jesus. Kanskje endåtil litt blanda med frykt? Han sjølv var av heidensk ætt, og attpåtil ein romersk tenestemann som slett ikkje var så populær blant folket – korleis ville Jesus reagera på bøn om hjelp frå ein slik?

Så fortel han Jesus kva yrke han har, og korleis han sjølv har kommandomynde over mange, og korleis han sjølv har høgare offiserar som han er underordna. Gjev dei meg ein ordre, må eg lyda. Gjev eg ein ordre til mine soldatar, er dei pliktige å gjera det eg ber dei om. Sei derfor, Jesus, berre eit ord, så blir guten frisk.

Ikkje det grann merkeleg at det står at Jesus undra seg då han hørte dette. For ei tillit til Jesus! For ei tru på Ordet si makt!

### *Formaningstale*

Og så nyttar Jesus høvet til ein aldri så liten formanigstale der og då. Ikkje hjå nokon i Israel har eg funne ei slik tru. Men underforstått: Ei slik tru var det ein heidning som synt meg! Og me forstår at Jesus ikkje nølte med å lækja den unge guten. Men dei som stod rundt Jesus, fekk ei lekse å tenkja på. Det var nok jødar som trudde at frelsa og Messias og sæla i himmelen var goder som dei åleine hadde rett til. Og ved eit par høve sa også Jesus noko om at han berre kom for dei fortapte og forkomne fåra av Israels ætt – og ikkje dei andre.

På den andre sida finn me også i evangelia og Apostelgjerningane glimt av heidningar som kjem til tru, som til dømes kvinna som greip tak i kappefliken til Jesus, eller den etiopiske hoffmannen, eller den namngjevne romerske offiseren Kornelius. Men allereie her i Matteus 8 vert døra opna heilt opp: Mange skal koma frå alle himmelretningar og få plass ved festbordet saman med Abraham, Isak og Jakob. Nokre av dei som trudde at det var sjølv sagt at dei skulle få plass, får ei vekkingspreike med seg denne dagen.

Frelsa og sæla er for alle. Bibelen er krystallklår på det punktet. Men Skrifta er like klår på at det gamle utvalde folket har ein førsterett til å få del i evangeliet (Rom 1,16). Kva er den kristne kyrkja? Jau, det er fellesskapen av Jesustruande jødar og Jesustruande heidningar.

### *Vakkert venskap*

Me finn parallellfortellinga både i Lukas 7 og Johannes 4. Der kjem det fram eit aspekt som også er vel verd å akta på. Den romerske offiseren sende bod til Jesus med jødiske eldste. Då

dei kom til Jesus og bar fram ærendet sitt, sa dei at han fortener at du lækjer guten hans, denne mannen. For han elsker folket vårt, og det er han som har bygd synagogen vår.

Det er så menneskeleg å tenkja i slike fortene-kategoriar. Det ligg mange gode tankar bak. Men alt det gode me får, er av nåde. Berre nåde! Men dette trekket er elles eit nydeleg bilete av venskap på trass av både religiøse og etniske ulikskapar!

I Johannes 4 vert det også fortalt at offiserfamilien (heile hans hus) kom til tru denne dagen då tenesteguten vart lækt. Sanneleg stor grunn til glede og takksemnd i Kapernaum denne dagen!

Kan noko sånt skje hjå oss? Ja, sanneleg. Be, så skal de få, sa Jesus. Han er den same i dag, i våre bygder og byar, bedehus og kyrkjer, som den gongen han var i Kapernaum. Kall på han, slik offiseren gjorde! Be han inn i ditt hus, i din heim.

**Paul Odland**

pensjonert misjonsrådgjevar i DNI, Stavanger krets  
[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)